



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

08.01.2025

Vår ref:

2023/18811

Dykkar dato:

26.11.2024

Dykkar ref:

202420449

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget i Ullensvang kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at naturmiljø og friluftsjnteresser blir ivareteke så langt som råd, ved endra manøvrering på grunn av nødvendig rehabilitering av reguleringsanlegg i Kjelavassdraget.

Vi viser til høyringa av søknad om avvik frå manøvreringsreglementet for reguleringsdammar i Kjelavassdraget. Av det aktuelle reguleringsområdet ligg delar av Ståvatnet i Vestland fylke.

Om søknaden

Ståvatnet vil bli tappa ned mot LRV innan 1. februar i tråd med reglementet. Deretter skal tilsiget magasinerast for å kunne halde vasstanden låg under planlagt utbetring av vassdragsanlegga ved Kjelavatnet, som ligg nedstraums Ståvatnet. Dette vil auke vasstanden gradvis, i staden for at vasstanden blir halde stabil på LRV til etter påske for å etablere sikker is slik det er krav om i reglementet. Den gradvise oppfyllinga av Ståvatnet kan altså føre til at det oppstår område langs land med usikker is.

Våre merknader

Føremålet med tiltaka er å kunne gjennomføre nødvendig rehabiliteringsarbeid. Rehabilitering av vasskraftanlegg har stor samfunnsverdi, og det må akseptrast noko ulempe for allmenne interesser.

Ståvatnet ligg i eit villreinområde, og det er registrert trekkveg over vatnet. Usikker is langs land vil dermed kunne påverke villreinen negativt, og i så fall kan dette påverke dyr frå både Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Vi har ikkje god nok lokalkunnskap til å vurdere eventuelle konsekvensar for villreinen. Vi legg til grunn at aktuelle villreinnemnder blir høyrd i saka, og at villreinen blir ivareteke så langt som råd.

Usikker is skape problem for ferdsel på isen, mellom anna for turar til/frå Haukelisetur turisthytte. Tiltakshavar har planlagt utvida tilsyn av istilhøva, og vil vurdere risiko knytt til ferdselen på vatnet. Vi legg då til grunn at friluftsjnteressene blir ivareteke i saka.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Agder

Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL